

# Hovudoppgåve

**NTNU**  
Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for psykologi

Sivert Sætrum Havnen

## Bak lås og slå: Kriminalitet som barriere for psykopatiforståing og behandling

Ein Scoping Review av kasusstudiar om psykopati

Hovudoppgåve i Profesjonsstudiet i Psykologi

Rettleiar: Katrine Høyer Holgersen

Medrettleiar: Truls Ryum

August 2023



Kunnskap for ei betre verd



Sivert Sætrum Havnen

# **Bak lås og slå: Kriminalitet som barriere for psykopatiforståing og behandling**

Ein Scoping Review av kasusstudiar om psykopati

Hovudoppgåve i Profesjonsstudiet i Psykologi  
Rettleiar: Katrine Høyer Holgersen  
Medrettleiar: Truls Ryum  
August 2023

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for psykologi



Kunnskap for ei betre verd



## Føreord

Det er forfattaren sjølv som, i samråd ved rettleiar, har vore ansvarleg for skriveprosessen, å utarbeide forskingsspørsmål, gjennomføre litteratursøk, lese gjennom artiklar, utarbeide kategoriar og alt som høyrer med. Ideen til å skrive ei oppgåve om psykopati kom etter å ha høyrt Aina Sundt Gullhaugen snakke om den dynamiske modellen for psykopati, og det vekte eit engasjement å høyre ho snakke om, og bry seg om ei pasientgruppe som vekker lite empati og som andre terapeutar gjerne ønskjer å unngå. Eg ønskjer å takke Aina for dette, samt for at ho tok seg tid til å hjelpe meg i dei tidlege fasane av prosessen.

Arbeidet med hovudoppgåva har vore ein utfordrande, men givande prosess som har strukke seg over ein lang periode. Det har vore fylt med læring og eg har møtt mange ulike hinder på vegen. Det har også vore spennande å få moglegheit til dukke djupt ned i eit fagområde. Eg ønskjer å rette ein takk til rettleiaren min Katrine Høyre Holgersen for verdifull rettleiing langs vegen, og for oppmuntring når det har gått trått.

Vidare vil eg gjerne takke kjærasten min for støtte og oppmuntring. Særleg i dei krevjande stundene der all motivasjon synets vekke, og målstrekken var som lengst unna. Det er godt at nokon andre har trua i dei periodane ein ikkje har det sjølv.

*Sivert Sætrum Havnen, august 2023*

## **Abstrakt**

Psykopati er ein alvorleg personlegdomstype, karakterisert av mellom anna mangel på empati, utnytting av andre, impulsivitet og antisosial åtferd. Psykopati kostar samfunnet store ressursar både blant dei som innehar det, men også offera deira, det har også lenge eksistert ein tanke om at psykopati er resistent til behandling. Psykopati er i dag sterkt assosiert til personar som gjer alvorlege kriminelle handlingar, og vert mykje nytta i ein rettsmedisinsk samanheng. Den dynamiske modellen for psykopati er ein ny modell som tilbyr eit nytt perspektiv på psykopati og psykopati sin underliggjande struktur, samt tilbyr ei tilnærming til behandling.

Kasusstudiar har historisk sett hatt ei viktig rolle innanfor psykopatifeltet, og kan gje ein peikepinn på kva det blir lagt vekt på i forsking på psykopati. Denne oppgåva tok sikte på, gjennom ein sonderande litteraturstudie, å kartlegge omfanget av kasusstudiar på psykopati målt med PCL (Psychopathy Checklist), samt gje ei oversikt over fokus og tema i desse artiklane gjennom ei enkel kategorisering. Vidare drøfter oppgåva korleis resultata kan sjåast i lys av den dynamiske modellen for psykopati (DMP). Resultatet frå litteratursøket gav 26 artiklar som møtte inklusjonkriteria. Desse fordele seg mellom dei tre kategoriane «Vurdering», «Behandling» og «Forståing». Ni av artiklane var knytt direkte til forsking på psykopati, medan sytten i utgangspunktet fokuserte på eit anna fenomen.

Resultatet er i tråd med antagelsen om at forsking på psykopati har dreia seg inn mot eit fokus på kriminalitet og åtferd, og det er blitt diskutert kor stor grad åtferdsbeskrivingar av kriminelle handlingar bør vere ein del av psykopati. Eit mindretal av dei identifiserte artiklane har fokus på underliggende forståing av psykopati, og tilnærmingar til behandling, slik den dynamiske modellen for psykopati freistar å bidra med. Moglege forklaringar for dette blir diskutert. Av dei identifiserte artiklane som såg på behandling og forståing av psykopati er det element som samsvarer med DMP. Desse er i middeltid i mindretal. Psykopati er eit komplekst fenomen, og ved å opne for alternative teoriar og modellar i psykopatiforsking vil ein kunne få ei djupare og breiare forståing av psykopati, og korleis det kan handterast i samfunnet. DMP kan bidra med dette i framtidig forsking på psykopati.

**Nøkkelord:** *Psykopati, Psychopathy Checklist, Kasusstudiar, Scoping Review, dynamisk modell for psykopati*

## **Abstract**

Psychopathy is a severe personality type, characterized, among other things, by a lack of empathy, exploitation of others, impulsivity, and antisocial behavior. Psychopathy incurs significant societal resources, affecting both those who possess it and their victims. It has long been believed that psychopathy is difficult to treat. Today, psychopathy is strongly associated with individuals who commit serious criminal actions and is frequently utilized in a forensic context. The dynamic model of psychopathy (DMP) is a new approach that offers an alternative perspective on psychopathy and its underlying structure, as well as a treatment approach.

Case studies have historically played an important role in the field of psychopathy, providing insights into the focus of psychopathy research. This paper aims to conduct a scoping review to map the extent of case studies on psychopathy measured with the PCL (Psychopathy Checklist), as well as provide an overview of the themes and topics in these articles through a simple thematic categorization. Additionally, it discusses how this aligns with the dynamic model of psychopathy. The literature search yielded 26 articles that met the inclusion criteria. These articles were distributed among three categories: “Assessment”, “Treatment” and “Understanding”. Nine of the articles were directly related to psychopathy research, while 17 initially focused on other subjects.

The results are in line with the assumption that psychopathy research has shifted its focus towards crime and behavior, sparking discussions about the extent to which behavioral descriptions should be part of psychopathy. A minority of the identified articles concentrate on an underlying understanding of psychopathy and treatment approaches, as DMP attempts to contribute with. Possible explanations for this trend are discussed. Among the identified articles that focuses on understanding and treatment of psychopathy there are elements in line with DMP. Psychopathy is a complex phenomenon. By opening for new approaches and models in psychopathy research, one can achieve a deeper and broader understanding of psychopathy as a phenomenon, and how it can be dealt with in society. DMP can contribute to this in future psychopathy research.

**Key Words:** *Psychopathy, Psychopathy Checklist, Scoping review, case studies, dynamic model of psychopathy*

## Innhald

Innleiring .....	1
Bakgrunn.....	1
Psykopati i dag .....	1
Psykopati som eit samfunnsproblem .....	3
Bakgrunn for rådande forståing av psykopatiomgrepet siste hundreåret.....	4
Hervey Cleckleys psykopatar .....	4
Benjamin Karpmans primære og sekundære psykopati.....	5
Robert D. Hare og Psychopathy checklist (PCL) .....	6
Biodeterministisk forståing for psykopati.....	7
Utvikling av ein dynamisk modell for psykopati.....	8
Kasusstudiar i psykopati .....	10
Føremål med oppgåva .....	10
Metode .....	10
Scoping review.....	11
Tematisk kategorisering av funn.....	11
Søkestrategi.....	12
Inklusjons- og eksklusjonskriterier .....	12
Refleksivitet .....	13
Resultat .....	13
Resultat av søk .....	13
Beskriving av artiklar.....	15
Behandling .....	17
Vurdering .....	17
Forståing .....	18
Psykopati.....	18
Diskusjon .....	20
Er kriminalitet og antisosial åtferd ein vesentleg del av psykopatiomgrepet?.....	20
Åtferd og personlegdom .....	21
Avgrensingar med oppgåva .....	25
Implikasjonar for vidare forsking .....	25
Konklusjon .....	26
Referansar .....	28

Appendix.....	36
---------------	----

Appendix A: Oversikt over artiklar .....	36
--	----

## Innleiing

Psykopati er eit vidt omgrep som historisk har blitt brukt for å beskrive ei rekke ulike tilstandar i psykiatrisk og psykologisk litteratur. Den tyske psykiateren Emil Kraepelin nytta omgrepet psykopatisk tilstand i 1896, men ideen om psykopati som ein distinkt psykiatrisk tilstand vert vanlegvis spora tilbake til den franske legen Phillippe Pinel som i 1806 dokumenterte ein tilstand han kalla *manie sans délire* (mani utan delirium) (Patrick, 2018b, p. 4). Lenge vart psykopati nytta som omgrep for ei rekke ulike tilstandar, og ulike klinikarar nytta omgrepet ulikt. Den dominerande karakteristikken hjå Pinel sine kliniske døme var eksplosiv valdeleg åtferd, medan Kraepelin identifiserte ei gruppe pasientar han omtalte som «svindlarar», som han vidare beskrev som sjærmerande og overtalande, men også som amoralske, upålitelege og utan lojalitet (Patrick, 2018b, p. 4). I nyare tid har mellom anna arbeidet til Hervey Clekley, og seinare Robert D Hare, gitt omgrepet ein meir presis og eintydig definisjon, og dei har hatt ei stor rolle for dagens betydning og bruk av omgrepet (Blair et al., 2006; Lilienfeld et al., 2018). Omgrepet er framleis omstridt i dag. Det nyttast per no ikkje i det diagnostiske rammeverket, men har klare parallellear til fleire ulike personlegdomslidingar som behandlast innan psykisk helsevern (Dolan & Doyle, 2007; Lykken, 2018), samt at det er blitt argumentert for at psykopatiske trekk i større grad bør inn i framtidige versjonar av diagnosemanualane (Salekin, 2016, 2017). Hensikten med denne oppgåva er å gje ei oversikt over omfanget og fokusområdet for kasusstudiar som tek føre seg psykopati. I oppgåva vil det først presenterast aktuell kunnskapsoversikt og kunnskapshol som leiar opp til problemstillinga. Deretter vil ein gjennom eit scoping review og ei enkel kategorisering av dei identifiserte artiklane gje ei oversikt som diskuterast og drøftast opp mot problemstillinga.

## Bakgrunn

### **Psykopati i dag**

Psykopati er eit historisk omgrep som er blitt nytta både i psykiatrisk og psykologisk litteratur, så vel som i media dei seinaste hundre åra, medan beskrivingar av liknande omgrep strekk seg endå lengre tilbake (Murphy & Vess, 2003). Psykopati er i dag ein alvorleg personlegdomstype som mellom anna er kjenneteikna av mangel på empati, kjensleløyse, grandiositet og overflatisk sjarm (Hare & Neumann, 2008). Desse trekka er også typisk assosiert med risiko for antisosial åtferd, inkludert alvorlege kriminelle handlingar. Psykopati

vert mykje nytta innanfor rettssystemet i samband med alvorleg kriminalitet og rettsmedisinske vurderingar. Mykje av forskinga og bruksområdet for omgrepene tar difor utgangspunkt i innsette i fengsel og menneskjer som har gjort alvorlege kriminelle handlingar (Hare & Neumann, 2008). Ei rekkje metaanalysar støttar også opp under at det er en generell samanheng mellom psykopati, målt med PCL, og framtidig kriminell åferd og fengsling (Douglas et al., 2018, p. 684).

Korleis ein skal måle, definere og forstå denne personlegdomstypen har vore gjenstand for mykje forsking og debatt (Polaschek, 2015; Skeem et al., 2011). Som tidlegare nemnt finn ein referansar til psykopati som strekk seg tilbake til 1800-talet. Omgrepet vart seinare relansert gjennom arbeidet til Hervey Cleckley og boka hans «The Mask of Sanity» (1941), og har fått ytterlegare empirisk fotfeste og praktisk betydning gjennom utviklinga av Psychopathy Checklist (PCL) (1980), og arbeidet til Robert D. Hare. Arbeidet til mellom anna Cleckley og Hare, har vore med på å gi psykopati-omgrepene ei viktig rolle innanfor rettsspsykiatri, og i vurderinga av menneskjer som gjer alvorlege kriminelle handlingar (Vien & Beech, 2006). Psykopati er ikkje anerkjent som ei personlegdomsforstyrring i diagnosemanualane DSM-V (American Psychiatric Association, 2013) og ICD-10 (World Health Organization, 2016), men deler fleire av dei same trekka som i personlegdomsforstyrringane antisosial- og dyssosial personlegdomsforstyrring. Hare (2003) skriv at ein stad mellom 50 og 80 % av innsette i fengsel møter kriteria for antisosial personlegdomsforstyring, medan han estimerer at omlag 15-25% tilfredsstiller kriteria for psykopati, målt med PCL (Hare, 2003, sitert i Ogloff, 2006). Det er også truleg at personar som skårar høgt på psykopati er endå meir overrepresentert blant dei som gjennomfører dei mest alvorlege brotsverka, medrekna drap og valdtek (Harris et al., 2001). Ogloff (2006) argumenterer for at sjølv om dei kliniske omgrepa psykopati, antisosial personlegdomsforstyring og dyssosial personlegdomsforstyring, av og til nyttast om kvarandre er dei distinkt forskjelle, og at dei to personlegdomsforstyrringane i utgangspunktet er basert på åferd, medan psykopati i tillegg inkluderer affektive og interpersonlege trekk. Av dei to personlegdomsforstyrringane er antisosial personlegdomsforstyring i større grad basert på åferd, medan dyssosial personlegdomssforstyring har meir fokus på den emosjonelle og affektive forstyrringa ein gjerne også ser i psykopati (Ogloff, 2006). Det kan i middeltid også argumenterast for at antisosial personlegdomsforstyring og psykopati ikkje representerer to ulike distinkte fenomen, men at det eksisterer på same spekter, og at psykopati kan sjåast på som ei meir alvorleg variant av antisosial personlegdomsforstyring (Coid & Ullrich, 2010). For ei nærmare

gjennomgang av psykopati i relasjon til diagnosar med fokus på personlegdomsforstyrningar sjå Widiger og Crego (2018).

### **Psykopati som eit samfunnsproblem**

Det faktum at psykopati er så utbreidd i fengselspopulasjonar, særleg hos dei som har gjort dei mest alvorlege handlingane, samt auka fare for gjentaking, illustrerer kvifor det kan vere eit stort samfunnsproblem. Det skapar liding hos det aktuelle individet, offera som det blir gjort alvorleg kriminalitet mot, samt også samfunnet elles som brukar store ressursar på behandling og kriminalomsorg. Kihl og Hoffmann (2011) estimerer at personar med psykopati kostar det amerikanske fengselsvesenet 460 milliardar dollar årleg, dette estimatet inkluderer derimot ikkje behandling av eventuelle offer, eller menneskjer med psykopati på psykiatriske sjukehus, ein kan difor anta at det reelle talet er endå høgare (Kiehl & Hoffman, 2011).

Mangel på einigheit kring kva psykopati er, kva som forårsakar det, og om kor vidt det er mogleg å behandle har vore eit stort hinder for å utvikle effektiv behandling. Ei stor barriere for utvikling av kunnskap om førebygging og behandling har vore mangelen på forsking om kor vidt endring er mogleg, både i tilstanden og i den skadelege åferda. Det har eksistert ein tanke om at behandling av psykopati ikkje er mogleg (Loving, 2002; Rice et al., 1992). Det er også foreslått at behandling i visse tilfelle kan føre til auka evne til å manipulere og på sikt føre til auka kriminalitet og skade (Harris & Rice, 2007). På ei anna side argumenterer Salekin (2002) for at eit slikt pessimistisk syn på behandling undergrev motivasjonen for å søkje etter og utvikle effektive behandlingsmetodar for psykopatiske lovbrytarar (Salekin, 2002). Dette kan bidra med å skape eit dilemma der å systematisk utelukka psykopati frå behandling hindrar utvikling av ny kunnskap, noko som kan hindre at talet på offer for psykopati går ned. Samstundes er årsaka til at personar med psykopati blir utelatne frå behandling frykt for auka skadeomfang og fleire offer. Det kan tenkast at lite tilgang til effektiv behandling bidrar til at fengsel og forvaringsanstalter vert stadig meir fylt opp av psykopatiske lovbrytarar som med høg valdsrisiko, risiko for framtidig kriminell åferd, og behandlingsresistens, blir vurdert å vere ein stor risiko for lauslating i samfunnet (Tucker, 1999).

## Bakgrunn for rådande forståing av psykopatiomgrepet siste hundreåret

Psykopati som omgrep har ei lang historie, og kva som inngår i omgrepet har vore gjenstand for omfattande utvikling og debatt innafor ulike fagområde. Ulike teoriar har forsøkt å forstå psykopati med fokus både på kva psykopati eigentleg er, kvifor og korleis det oppstår, men også korleis ein kan forstå den underliggende strukturen, og i kva grad det er mogleg å gjere noko med. I byrjinga var psykopati eit vidt og laust definert omgrep, og vart nytta som ein slags samlebetegnelse for ei heterogen gruppe menneskjer som var på sida av loven, og samfunnets normer (jamfør dei valdelege pasientane til Pinel, og Kraeplin sine svindlarar). Psykopati på denne tida tydde ikkje berre ein ting eller beskrev eitt fenomen. Frå omlag midten av 1900-talet vart psykopati-omgrepet samla til noko som i større grad minner om dagens betydning av ordet (Patrick, 2018b). I det følgjande vert det gjeve ei kort oversikt over sentrale tilnærmingar til omgrepet som har hatt stor innverknad på dagens bruk og forståing av psykopati, då ei fullstendig gjennomgang vurderast å vera utanfor omfanget av denne oppgåva.

### *Hervey Cleckleys psykopatar*

I «The Mask of Sanity» freista Cleckley å avgrense betydninga av psykopati. I boka gir Cleckley livlege beskrivingar av eit utval psykopatiske kliniske døme han har møtt i sin praksis. Vidare utdjupar han desse med ei liste på seksten personlegdomstrekk som karakteriserer denne gruppa (Cleckley, 1941, sitert i Yildirim & Derksen, 2015). Dette har i stor grad danna grunnlaget for det moderne psykopati-omgrepet. Cleckley argumenterer først og fremst for at psykopatar, ved første augekast, gir eit overtydande inntrykk av å inneha ei robust mental helse, som om dei er godt tilpassa samfunnet og er tilfreds med livet. Derimot, som boktittelen antydar, beskriv Cleckley at det bak denne fasaden skjuler seg ein person med eit goldt affektivt landskap utan lidenskap og empati. Dette vil i følgje Cleckley vise seg over tid når psykopatens maladaptive, egonsentriske og uansvarlege åtferd akkumulerer seg, samstundes som at menneskja rundt byrjar å legge merke til forskjellen mellom sin egen og psykopatens forståing av avtalar, verdiar, reglar, normer og moral generelt. I følgje Cleckley vil heller ikkje psykopaten klare å endre sin maladaptive åtferd, uansett kor ofte og kor hardt det straffar seg (t.d fengslingar, institusjonalisering). Psykopaten vil også i følgje Cleckley feile i å skaffe seg noko form for innsikt og djupare forståing for sin eigen situasjon og tilstand (Yildirim & Derksen, 2015).

### ***Benjamin Karpmans primære og sekundære psykopati***

Omlag samstundes med at Cleckley publiserte si definerande bok om psykopatisk personlegdom, lanserte den amerikanske psykiateren Benjamin Karpman dei to termane idiopatisk og symptomatisk psykopati, og la med dette fundamentet for debatten om det eksisterer fleire former for psykopati (Yildirim & Derksen, 2015). Dei fleste teoretiske modellar og empiriske studiar av undervariantar av psykopati har føreslått ein distinksjon mellom primær- og sekundærpsykopati, der primærpsykopati gjerne blir rekna som «ekte» psykopati, medan sekundærpsykopati manglar nokre av dei definierande eigenskapane (Hicks & Drislane, 2018, p. 299). Cleckley si beskriving av psykopati er det mange i dag vil kalle for primærpsykopati, og samsvarer i stor grad med Karpmans idiopatisk psykopati, medan symptomatisk psykopati samsvarar med sekundærpsykopati. Karpman sin psykodynamiske teori for primær- og sekundærpsykopati gjenkjente at fenotypiske likskapar som egosentrisme, følelsesløyse, utspekulerthet, og antisosialitet kan ha ulike etiologiske opphav (Yildirim & Derksen, 2015). I grove trekk foreslo Karpman at sjølv om primærpsykopati og sekundærpsykopati liknar åtferdsmessig, er det ein ulik underliggende motivasjon som ligg til grunn for åtferda. Primærpsykopati resulterer i følgje Karpman frå ei fundamental affektiv defekt, som medfører mangel på samvit og evne til å etablere ei normal tilknyting til andre, samt tilhøyrande fråvær av nevrotiske følelsar som skyldfølelse og engstelse. Gitt denne mangelen på samvit er primærpsykopatar motivert av ei patologisk narsissisme som gir næring til den parasittiske utnyttinga av andre. I motsetnad blir sekundærpsykopati i følgje Karpman beskrive som ein tilstand der samvittigheita ikkje fungerer grunna nevrotiske konfliktar (i den psykodynamiske betydninga av ordet konflikt). Desse konfliktane kan ofte sporast tilbake til vanskar i foreldre-barn relasjonen eller som eit resultat av å ha blitt misbrukt som barn. Som eit resultat av desse konfliktane, er sekundærpsykopati assosiert med sterke negative emosjonar, mest framtredane er fiendtlegheit og aggressjon, men også skyldfølelse, angst og depresjon. Karpman såg desse negative emosjonane som drivande for ei reaktiv og impulsiv åtferdsstil, i motsetnad til den kaldare og meir kalkulerande måten primærpsykopatar utnyttar andre på (Hicks & Drislane, 2018, p. 299). Distinksjonen mellom primær og sekundærpsykopati har blitt utvikla og undersøkt vidare sidan arbeidet til Karpman. Ein har også fortsett med å debattere psykopati sin underliggende struktur, og om kor vidt det eksisterer subtypar og i såfall kva desse subtypane er. I tillegg til skiljet mellom primær- og sekundærpsykopati, er det forskrarar i dag som mellom anna opererer med eit skilje mellom kriminell og ikkje-kriminell psykopat, og suksessfull og ikkje-suksessfull psykopati (Gao & Raine, 2010; Mahmut et al., 2008).

Arbeidet til Cleckley og Karpman bidro til at psykopati-omgrepet vart vidare spesifisert og fekk auka kredibilitet og status. Likevel satt det også i gang vidare debatt om kva psykopati eigentleg er, korleis ein skal forstå det strukturelt og korleis det oppstår og bør handterast. Karpman var i tillegg den første til å problematisere tendensen til å samanblande vedvarandre kriminell og antisosial åtferd, med psykopati (Skeem et al., 2011).

### ***Robert D. Hare og Psychopathy checklist (PCL)***

Psychopathy Checklist (PCL) vart utvikla av Robert D. Hare på 1980-tallet, og har sidan blitt revidert og vidare utvikla til å bli det leiande teoretiske rammeverket for korleis ein måler og forstår psykopati i dag (Hare, 1991, Hare, 2003, sitert i Hare et al., 2018). Før PCL mangla ein eit eintydig syn på og definisjon av psykopati, samt at dei ulike måla som vart nytta samsvarte lite med kvarandre både konseptuelt og empirisk (Hare, 1985). Mangelen på valide, reliable og generelt aksepterte metodar for å måle og vurdere psykopati, gjorde det vanskeleg, på grensa til umogleg, å samanlikne resultat frå ulike forskrarar og studiar. Hare tok utgangspunkt i Cleckley sine diagnostiske trekk, og utvikla ei sjekkliste beståande av 22 punkt, seinare revidert til 20-punkt i Psychopathy Checklist Revised (PCL-R) som er den mest utbreidde i dag. Det er også blitt introdusert eigne ungdoms- og screening-versjonar (PCL-YV, PCL-SV) (Hare et al., 2018).

**Oppbygging av PCL.** I PCL-R vurderer ein klinikar kvart enkelt punkt på ein trepunkts-skala (0, 1, 2), etter i kor stor grad det aktuelle punktet er gjeldande for individet. Dette vurderer ein ut ifrå eit semistrukturert intervju, kasus informasjon og spesifikke skåringskriterium. Dette gir ein makskåre på 40, og klinisk cut-off for psykopati er satt til 30 i USA og Canada, men er foreslått å vere noko lågare i Europa (Cooke et al., 2005; Hare & Neumann, 2008; Mokros et al., 2013).

I eit forsøk på å forstå psykopati sin underliggende struktur har faktoranalysar syna at atten av punkta i PCL-R kan strukturerast i fire ulike dimensjonar eller faktorar: 1) interpersonlege (overflatisk sjarm, store idear om eigne evner og betydning, patologisk lyging, manipulering), 2) affektive (mangel på anger/skyld, grunne affektar, å vera ufølsam/mangel på empati, ikkje ta ansvar for eigne handlingar), 3) livsstilsmessige (behov for stimulering/lett for å kjede seg, parasittisk livsstil, mangel på realistiske framtidssplanar, impulsivitet, å vera uansvarleg) og 4) antisosiale (dårleg åtferdskontroll, tidlege åtferdsproblem, ungdomskriminalitet, vilkårsbrot, kriminell karriere med fleire ulike typar

lovbrot). To tilleggspunkt er promiskiøs seksualåtferd og mange kortvarige forhold. Desse ladar ikkje på nokre av faktorane, men bidreg til totalskåre (Hare & Neumann, 2008)

I forlenging av denne firefaktor-strukturen kan ein organisere PCL-R i ein tofaktor-struktur. I dette tilfellet utgjer den interpersonlige og den affektive dimensjonen faktor ein, og den livsstilsmessige og den antisosiale dimensjonen faktor to. Ut i frå denne tofaktorstrukturen kan ein seie at faktor ein i hovudsak dreier seg om kjernepersonlegdomstrekk i psykopati, medan faktor to i større grad dreier seg om den avvikande åtferda ein kan observere i psykopati (Hare & Neumann, 2005).

**Bruk av PCL.** PCL-R vart designa som eit verktøy for å måle psykopati som ein klinisk konstruksjon, og etter at den vart introdusert har det vore ei kraftig auking av forsking på både dimensjonar og korrelat av psykopati (Hare et al., 2018, p. 41). PCL-R har også vist seg å kunne bidra til å predikere fare for gjentaking av kriminalitet, valdsrisiko og behandling av kriminelle. PCL-R har difor fått eit viktig rolle i, og blir rutinemessig nytta, i rettssykiatriske og rettssykologiske vurderingar (Hare og Neumann, 2008).

**Kritikk av PCL.** PCL har vorte kritisert for å legge for stor vekt på åtferdskomponenten i psykopati. Jamfør tofaktor-strukturen kan ein dele opp psykopati i faktor ein og faktor to, der faktor ein i størst grad samsvarer med Cleckley sine kriterium, medan faktor to blir karakterisert som ein åtferdsfaktor. PCL er i tillegg blitt kritisert for å i for stor grad vere knytt opp mot alvorleg kriminalitet, slik at personar med psykopati som ikkje begår kriminalitet ikkje blir fanga opp (Skeem & Cooke, 2010a). Det er også blitt påstått av PCL oppfordrar til eit kategorisk syn på psykopati, samt at PCL i utgangspunktet uteoretisk og deskriptiv, og den er ikkje utvikla for å vere ein heilskapleg teori som tek sikte på å forstå psykopati. PCL seier difor ingenting om ein underliggende mekanisme, eller tilbyr ei forklaring på *kvifor* personar som scorar høgt gjer nettopp det (Gullhaugen et al., 2021).

### Biodeterministisk forståing for psykopati

I dagens paradigme er psykopati først og fremst betrakta frå eit kognitivt nevrovitkapeleg perspektiv, og det er blitt argumentert for at psykopati bør behandlast som ein nevrouwikkingsforstyrring med genetisk opphav (Blair et al., 2006; Vien & Beech, 2006). Med dette utgangspunktet har ein observert strukturelle og funksjonelle avvik i sentralnervesystemet hjå psykopatiske individ (Debowska et al., 2014), samt ein betydeleg genetisk komponent (Viding et al., 2008). Basert på dette har det oppstått ei rekke somatisk forankra forklaringsmodellar for psykopati. Psykopati er forsøkt forklart som ein evolusjonær

biologisk strategi for reproduksjon (Knight & Guay, 2018, p. 664), som ein medfødd redusert varheit for truande stimuli (Gray & McNaughton, 2000 sitert i Gullhaugen et al., 2021), som ein skade på hjernens senter for eksekutiv funksjon (Damasio, 1994 sitert i Gullhaugen et al., 2021), som ein utviklingsforstyrring med biologisk fundament (Meloy, 1988 sitert i Gullhaugen et al., 2021), og som ein biologisk predisposisjon for overdrive sinne (Fowles, 2018). Meir nylege forsøk på å forklare psykopati innanfor dette paradigmet er illustrert gjennom den triarkiske modellen for psykopati (the Triarchic Model of Psychopathy) (Patrick & Drislane, 2015), som omfattar tre distinkte fenotypiske konstrukt basert på underliggjande genetisk disposisjon: manglande inhibisjon, dristigkeit og vondskap. Desse biodeterministiske tilnærmingane sluttar seg til ideen om at psykopati representerer ein distinkt kategori av individ, som ikkje har ein svekking eller mangel som kan rettast opp i terapi, og som i tillegg er fundamentalt forskjellelege frå andre lovbytarar. Dette støttar opp under ideen om at desse individua er fødd til å vere slik, og at psykopati ikkje kan behandlast (Harris & Rice, 2007).

Biodeterministiske teoriar har tidlegare vore støtta opp under av studiar som ikkje berre har vist manglande effekt av behandling (Cooper & Tiffin, 2006), men også av studiar som syner at nokre kan verte verre av behandling (Hare et al., 2000). Desse studiane har derimot vorte kritisert i ettertid, og ein har med bakgrunn i dette sådd tvil om det stemmer at psykopati ikkje kan behandlast (Chakhssi et al., 2014). Ideen om å kunne behandle psykopati vert likevel framleis møtt med stor skepsis. Det er vanleg å trekke fram at psykopatiske individ ikkje føler behov for å endre seg, og at dei difor ikkje vil vere interessert i behandling, og at dette er grunnen til behandlingsresistensen (Gullhaugen et al., 2021). Dette byggjer også på ideen om at psykopatiske personar ikkje lid, som først presentert av Cleckley (Cleckley, 1941 sitert i Gullhaugen et al., 2021).

## **Utvikling av ein dynamisk modell for psykopati**

Gullhaugen et al. (2021) argumenterer for at ei fullstendig forståing for psykopati må tilby ein forklaringsmodell i tillegg til å vere deskriptiv. Dei argumenterer vidare for at framtidig forståing av psykopati, også må inkludere nye hypotesar som utforskar dynamiske bevisste- og ubevisste prosessar, og dei miljømessige bidraga til lidinga. Dei foreslår dermed ein dynamisk modell for psykopati som, med utgangspunkt i Cleckleys beskrivingar, også tilbyr ein tenkeleg prosess som ligg bak Cleckleys føreslåtte «maske». Den dynamiske modellen for psykopati (DMP) tek utgangspunkt i at psykopati ikkje er kategorisk, men heller

bør sjåast på som dimensjonale trekk, eller konfigurasjonar av trekk, som kan vere gjeldande for alle individ i varierande grad, noko som også er i tråd med Skeem et al (2011).

I følgje DMP er det ein djuptliggende følelse av defekt eller skam, kombinert med dei menneskelege behova for fellesskap og agens som dannar grunnlaget for åtferda ein kan observere i psykopati. Observerbar åtferd blir difor eit forsøk på å redusere skam og for å oppfylle behovet for enten agens eller fellesskap. Modellen har fire nivå fordelt på fire sektorar, som viser vegen frå det grunnleggjande uoppfylte behovet til åtferda. Denne vegen går via ei oppleving og ein strategi (nivå to og tre i modellen). Både opplevingane, strategiane og åtferda hjå psykopatiske individ er gjerne ekstreme og konfliktfylte. Dette leiar til dynamiske skift mellom dei ulike sektorane alt ettersom kva personen opplever, og korleis miljøet rundt endrar seg i takt med personens åtferd. Som følgje av modellen kan ein difor forstå psykopati som mislykka strategiar for å unngå eller redusere eigen bevisste eller ubewisste følelse av skam (Gullhaugen et al., 2021).

Dei fire sektorane er fordelt mellom dei to behova fellesskap og agens, samt også unngåelse og overkompensering som forsvar eller meistringsstrategi for skam. Sektor ein og to dekker begge behovet for fellesskap, der sektor ein representerer overkompensasjon og sektor to representerer unngåelse. Sektor tre og fire dekker behovet for agens, høvesvis på same måte. Modellen baserer seg også på at åtferda til sjuande og sist resulterer i *auka* skam, og ikkje redusert skam, og personens forsøk på å få oppfylt dei grunnleggjande behova er difor mislykka. Dette aukande ubehaget leier til dynamiske skift mellom dei fire sektorane, der ein vekslar mellom dei ulike opplevingane og strategiane for å få fylt behova, og redusert skamfølelsen. Til dømes vil ein kunne skifte frå overkompensering til unngåelse for å dekke behovet for fellesskap, dette vil resultere i eit skift mellom sektor ein og to. Personen vil då gå frå ei oppleving av å vere interessert i nokon, til å opp leve mistillit ovanfor den same personen. Strategien endrar seg då frå eit ønskje om å vere så tett knytt til denne personen som mogleg (enmeshment) til eit ønskje om lausriving (detachment). Åtferda vil då vise eit skifte frå ekstrem idealisering til ekstrem devaluering (Gullhaugen et al., 2021). Oppsummert kan DMP skildrast som eit forsøk på å forstå den underliggjande prosessen som ligg til grunn for psykopati, i motsetnad til Cleckley og PCL som har eit meir deskriptivt fokus i si tilnærming. DMP er ein ny modell, og eit meir robust empirisk grunnlag for modellen er nødvendig (Gullhaugen et al., 2021)

## Kasusstudiar i psykopati

Kasusstudiar har ei lang historie innanfor klinisk praksis, særleg innan klinisk psykologi, nevropsykologi, åtferdsforsking, og kognitiv forsking (Davies et al., 2007).

Kasusbeskrivingar kan bidra til å gi betre forståing av eit fenomen, og kan bidra til teoriutvikling (Yin, 2009, p. 35). Dei kan vere særleg nyttige for å spørje «korleis» og «kvifor» om eit fenomen der hendingar ikkje lett kan manipulerast av forskaren (Kreis & Cooke, 2012).

Kasusstudiar har allereie hatt ei viktig og definerande rolle i forbindelse med utviklinga av, og dagens forståing av, psykopati-omgrepet. Heilt sidan Cleckley publiserte «The Mask of Sanity», har hans femten detaljerte kasusbeskrivingar vore definierande for kva som inngår i konseptualiseringa av psykopati (Crego & Widiger, 2016). Det var basert på desse kasusbeskrivingane at Cleckley utforma seksten diagnostiske kriterium for psykopati. Desse kriteria var også utgangspunktet for det seinare arbeidet utført av Robert D. Hare då han utvikla PCL som så og seie har blitt einstydande med kva vi i dag omtalar som psykopati. Sjølv om kasusskildringar er lågt plassert på dagens rådande paradigme innan evidendenshierarkiet (Clarke et al., 2014), kan det vera nyttig å få oversikt over omfanget og fokusområdet som er i føreliggjande kasusskildringar av psykopati i litteraturen, samt korleis desse skildringane samsvarar med DMP. Det føreligg ikkje, til denne forfattarens kjennskap, ei oversikt eller samanfatning av kasusstudiar som tek for seg psykopati.

## Føremål med oppgåva

Føremålet med denne oppgåva er, gjennom ein sonderande litteraturstudie (scoping review), å kartleggje omfanget av kasusstudiar som tek for seg psykopati målt med PCL, samt gje ei kort oversikt over fokuset i den aktuelle litteraturen, særleg med tanke på tema og føremål. Vidare tek oppgåva sikte på å diskutere korleis dette kan sjåast i lys av ein ny modell for å forstå psykopati, og eventuelle implikasjonar dette vil kunne ha for forskingsfeltet.

## Metode

Denne oppgåva har i hovudsak nytta seg av ein litteraturstudie i form av eit scoping review (Munn et al., 2018); inkludert søkestrategi og inklusjons- og eksklusjonskriterier. For å kategorisera artiklane identifisert i litteratursøket har det i tillegg blitt gjennomført ei enkel

tematisk kategorisering av innhaldet i artiklane. Framgangsmåte for begge dei metodiske tilnærmingane er gitt i det følgjande.

### **Scoping review**

Scoping review er ein metode for å få oversikt over tilgjengeleg litteratur innanfor eit visst felt. Denne metoden deler fleire trekk med systematisk review, som er ein vanleg anerkjent metode for å gjennomgå og summere opp forskingslitteratur. Systematisk review vert i dag nytta til eit breitt spekter av formål og for ulike typar forskingsspørsmål. I følgje Cochrane handboka nyttar systematiske reviewar eksplisitte systematiske metodar som er valt for å minimere bias for å tilby reliable funn som ein kan trekke konklusjonar og fatte slutningar av (Antmann et al., 1992, Oxman & Guyatt, 1993, sitert i Lasserson et al., 2019). Systematiske reviewar har etter mellom anna opprettinga av grupper som Cochrane og Joanna Briggs instituttet på 1990-talet utvikla seg til å bli ein av grunnpilarane innanfor evidensbasert helsehjelp (Munn et al., 2014).

Scoping review er ein nyare metode, som har utvikla seg til å bli eit valid alternativ til systematisk review, i situasjonar der det er andre indikasjonar for å gjere gjennomgangen. Scoping review vert gjerne nytta der det framleis er uklårt kva andre meir spesifikke spørsmål kan bli adressert av ein meir presis systematisk review, og kan på denne måten vere ein forløpar for ein seinare systematisk review (Munn et al., 2018). Det blir som følgje av dette i ein scoping review stilt mindre strenge krav til forskingsspørsmål og inkluderingskriterier enn i ein systematisk review (Arksey & O'Malley, 2005).

Denne oppgåva tek sikte på å gje ei oversikt over omfanget av case-studiar som tek for seg psykopati, samt også skissere kva desse studiane fokuserer på innanfor psykopatifeltet. Ein scoping review tek ikkje nødvendigvis sikte på å gi eit presist svar på eit konkret formulert forskingsspørsmål, men vil i større grad freiste å gi ein oversikt over resultatet av gjennomgangen. Scoping review er eit ideelt verktøy for å identifisere omfanget, eller kor godt dekt eit tema er i litteraturen, samt for å gi ein indikasjon på volumet av litteratur, og ein oversikt over fokuset i litteraturen om eit gitt emne (Munn et al., 2018), noko som nett var fokuset i denne oppgåva.

### **Tematisk kategorisering av funn**

For å kunne organisere funn i artiklane og gje ei oversikt over innhaldet vart det gjort ei kategorisering av artiklane. Dei identifiserte artiklane vart først lesne av forfattaren, utan at

det var bestemt kategoriar på førehand. Under gjennomlesing utkrystalliserte det seg tre forskjellege føremål med artiklane. Artiklane vart så lesne på nytt og plassert i dei ulike kategoriane. Ein artikkel vart vurdert til å hamne i to kategoriar. Artiklane vart så lesne av ein kollega av forfattaren, som også fekk vite om dei tre kategoriane. Denne kollegaen fekk også ei kort innføring (1-2 setningar) om kva som var tenkt om dei forskjellege kategoriane.

Det var konsensus mellom forfattaren og kollegaen i 22 av dei 26 artiklane.

Dei fire artiklane der det var diskrepans mellom forfattaren og kollegaen vart gjennomgått i samråd, og konsensus vart oppnådd.

Vidare kom det fram under gjennomlesing at det var eit mindretal av artiklane som hadde psykopati som det fenomenet dei først og fremst undersøkte og ønskte å bidra med kunnskap om. Dette resulterte i den fjerde kategorien «psykopati» og alle artiklane vart så lesne på nytt og vurdert om dei første og fremst tok for seg psykopati eller eit anna fenomen. Dei artiklane som først og fremst tok for seg trekk ved psykopati, som t.d. aggressjon eller vald, vart ikkje vurdert til å vere i kategorien psykopati.

## **Søkestrategi**

For å identifisere aktuelle studiar for denne gjennomgangen vart søkestrengen (psychopathy OR psychopathic) AND ("case study" OR "case report") nytta i fire ulike databasar. Sidan psykopati har tradisjonar innanfor helsefag vart det valt to databasar med hovudsakeleg medisinsk- og psykologisk forsking, høvesvis PubMed og PsycINFO. Sidan psykopati i dei seinare åra også har fått ei større rolle innanfor andre forskingsdisiplinar som t.d. samfunnsforsking og kriminologi var det naturleg å inkludere meir generelle forskingsdatabasar for også å fange opp desse studiane. Dei to generelle forskingsdatabasane Scopus og Web of Science vart difor også nytta. Val av tilstrekkelege databasar og oppsett av søkestrategi for å fange opp dei relevante og aktuelle studiane for denne gjennomgangen vart gjort i samråd med bibliotekar ved NTNU sitt Universitetsbibliotek.

## **Inklusjons- og eksklusjonskriterier**

Oppgåva tok sikte på å analysere eksisterande case studiar, der kasuset var ein person med psykopati. Før PCL nytta klinikarar og forskarar ulike vurderingar og diagnostiske prosedyrar for å vurdere psykopati. Desse kunne også vere konseptuelt og empirisk ikkje relatert til kvarandre. Mangelen på reliable, valide og generelt allment aksepterte metodar for å vurdere psykopati gjer det til ei utfordring å samanlikne resultat frå ulike forskarar og

studiar frå denne tida (Hare et al., 2018, p. 41). Eit inklusjonskriterie for denne oppgåva var difor at studien hadde nytta ein variant av PCL for å vurdere psykopati, dette inkluderte revidert versjon (PCL-R), screening versjon (PCL-SV), ungdomsversjon (PCL-YV) så vel som originalen frå 1980 (PCL). Dette utelukka alle studiar frå før 1980, som difor vart fjerna frå søkeresultatet. I tillegg til å fjerne studiar frå før 1980 vart bøker og bokkapittel fjerna frå resultata fordi oppgåva undersøkte publiserte forskingsartiklar. Studiar på andre språk enn skandinavisk og engelsk vart også ekskludert frå resultata. Ein del av resultata vart også ikkje vurdert grunna mangel på tilgang til studiane.

## **Refleksivitet**

Denne type kategorisering kan framstå subjektiv, og resultata vil kunne bli påverka av forskaren. Forskarens rolle kan i slike samanhengar karakteriserast som stor. Forutinntatthet og skeivheiter vil kunne ha betydning for resultata, og ei utgreiing om dette vert omtala som refleksivitet og er anbefalt i slike samanhengar (Alley et al., 2015). Dette kan i tillegg til å påverke kategoriseringa og fokusområde for funn og resultat ha innverknad på val av metode, aktuelle artiklar og fokus i resultat- og diskusjonsdelen. Transparens i dette aspektet av ei slik type oppgåve er viktig (Alley et al., 2015).

Forfattaren har klinisk psykologi som utgangspunkt for å studere psykopati, og kjende også til Gullhaugen og DMP i forkant av val av tema og metode for denne oppgåva.

Gullhaugen har også blitt konsultert i forkant av at forfattaren begynte å lese seg opp på teorien og eksisterande litteratur i forkant av litteratursøket. Dette kan ha hatt innverknad på objektivitet og utgangspunkt for val av studiar, metode, samt vinklinga i analyse og diskusjon. Å la ein kollega lese gjennom artiklane og gjere si eiga kategorisering var eit tiltak for å få mest mogleg objektivitet.

## **Resultat**


### **Resultat av søk**

Søket gav 559 resultat i Scopus, 52 resultat i PubMed., 53 i Web of Science og 197 i psycINFO, totalt 861 resultat. Etter å ha fjerna duplikat, bøker og kapittel, samt ekskludert studiar på bakgrunn av publiseringstidspunkt vart det igjen 516 studiar for gjennomlesing av abstrakt. Av desse vart 397 ekskludert grunna språk, mangel på tilgang til fulltekst eller at det ikkje var psykopati i kasuset. Det stod då igjen 119 studiar for gjennomlesing. Av desse vart 42 ekskludert grunna at dei ikkje hadde med skildring av det aktuelle kasuset, og 43 fordi dei

ikkje nytta seg av PCL eller ein variant av PCL som mål på psykopati. 8 studiar vart også ekskludert då kasusa som vart skildra ikkje nådde cut-off for psykopati. Det gjenstod då 26 artiklar som vart inkludert i oppgåva.

**Figur 1**

*Flytskjema over litteratursøk og inkluderte artiklar*



## Beskriving av artiklar

Det skil 29 år mellom den eldste artikkelen fra 1992 (Bruce-Jones & Coid, 1992) og den nyaste artikkelen fra 2021 (DeLisi et al., 2021), og dei fordeler seg mellom fagområda medisin, psykologi, rettsmedisin, kriminologi og sosialt arbeid (e.g., Jordan et al., 2014; Leistedt et al., 2011; Whitehead et al., 2007; Willemsen et al., 2007). Formålet med studiane var også ulike ut i frå kva fagområde dei var frå, og kva dei ønskja å undersøkje. Det var mellom anna studiar med detaljerte skildringar av den kriminelle historikken til alvorlege kriminelle og seriemordarar (Beasley II, 2004; Myers et al., 2005), ein FMRI-studie for å undersøkje emosjonell prosessering hjå ein med psykopati (Hoff et al., 2009), og skildringar av sjeldne psykiatriske tilstandar som multippel personlegdomsforstyrring og Munchausen by proxy (Barros et al., 2016; Bruce-Jones & Coid, 1992). I tillegg var det studiar som tok for seg risikovurderingsmål, medikamentell- og terapeutisk behandling av psykopati, antisosial åferd, vald og pedofili (Chakhssi et al., 2014; Fabian, 2008; Iftikhar, 2010; Jordan et al., 2014; Kristiansson, 1995).


Etter gjennomlesing utkrystalliserte det seg hovudsakeleg tre gjennomgåande formål med studiane. 1) artiklar som ønskja å ta for seg behandling av forskjellelege tilstandar og åferd. Denne kategorien bestod av alle artiklar som hadde fokus på endring, rehabilitering og behandling, eller element av dette. Dette inkluderte mellom anna både artiklar som tok for seg behandling av psykopati, men også trekk som kan inngå i psykopati som irritabilitet og aggresjon. I tillegg inkluderte kategorien artiklar som tok for seg behandling av antisosial åferd og personlegdom, rus, pedofili, samt rehabilitering av personar med høg valdsrisiko. Kategorien vart kalla «Behandling». 2) artiklar som undersøkte måling og vurdering av ulike fenomen. Dette inkluderer risikovurdering for vald og kriminalitet, i tillegg til artiklar som undersøkjer mål på psykopati, hovudsakeleg PCL. Kategorien vart kalla «Vurdering». 3) artiklar som sökja å auke forståinga av fenomen og tilstandar. Denne siste kategorien inkluderte artiklar som på ulike måtar sökja å bidra med ny kunnskap og auka forståing av det undersøkte fenomenet. Ein kan argumentere for at studiar som undersøkjer behandlingar eller risikovurderingsinstrument også sökjer ny kunnskap og auka forståing for det dei undersøkjer, og at difor i teorien vil all forsking kunne hamne i ein slik kategori. I praksis vart det difor slik at artiklar som ikkje tok føre seg behandling, vurdering eller måling av eit fenomen vart plassert i denne kategorien. Denne siste kategorien vart kalla «Forståing».

Under gjennomlesing vart det klart at eit mindretal av artiklane hadde psykopati som det fenomenet dei først og fremst undersøkte. Ei hovudvekt tok utgangspunkt i andre

fenomen, men der dei undersøkte personane også tilfredsstilte kriteria for psykopati, målt med PCL. Artiklane vart som følgje av dette også kategorisert etter om dei først og fremst omhandla psykopati, eller om hovudfokuset var ein annan tilstand eller fenomen.

## **Figur 2**

*Diagram over fordeling i kategoriar*



Alle artiklane vart plassert i minst ein av dei tre første kategoriane, medan ein vart også vurdert til å kunne passe inn i både forståing og vurdering, og vart difor plassert i begge. Alle artiklane vart også vurdert å enten passe inn i psykopati-kategorien eller ikkje. Alle artiklane som falt inn under psykopati-kategorien, er difor også inkludert i ein eller fleire av dei tre andre kategoriane. Dei som ikkje vart vurdert å passe inn i psykopati-kategorien var artiklar der dei undersøkte tilfredsstilte kriteria for psykopati målt med PCL, men der det undersøkte fenomenet var noko anna enn psykopati. Dette gjaldt i hovudsak artiklar som undersøkte kriminalitet, vald, rus, og andre psykiske tilstandar eller fenomen. Dette gjaldt også artiklar som undersøkte PCL sin nytte som risikovurderingsinstrument, då dei ikkje undersøker korleis ein skal måle og vurdere psykopati, men korleis eit mål på psykopati kan nyttast til eit anna føremål. Under kjem ei skildring av artiklane i dei ulike kategoriane, sjå appendix A for ei fullstendig oversikt over dei inkluderte artiklane, og i kva kategoriar dei vart plassert.

### ***Behandling***

Sju av dei 26 artiklane (27%) ønskja å undersøkte behandling og skildra behandlingsforløp i kasusbeskrivinga. Tre av dei skildra ulike former for behandling av psykopati (Chakhssi et al., 2014; Galletta & Rosenfeld, 2012; Kristiansson, 1995), og tre beskrev behandling av trekk/symptom eller endring av åtferd som kan inngå i psykopati (Iftikhar, 2010; Walker et al., 2003; Whitehead et al., 2007). Dette inkluderer åtferd som kriminalitet, vald og aggressjon, men også antisosial- og dyssosial personlegdomssforstyrring. Den siste av dei sju hadde fokus på medikamentell behandling av pedofili, men der personen også skåra over cut-off for psykopati (PCL-R: 29). Dette er ein enkeltkasus-studie som tok for seg endringar som skjer hos ein med pedofili under antiandrogen terapi (stoff som hemmar verknaden av testosterone) (Jordan et al., 2014).

Dei tre som tok for seg psykopati beskrev både ulike former for samtaleterapi, samt ein kombinasjon med medikamentell behandling. Dette var ikkje behandlingsstudiar som ønskja å seie noko om effekten av forskjellelege behandlingstilnærmingar, men enkeltkausar som skildra tilnærmingar det kan vere verdt å undersøkje vidare. Dei foreslo mellom anna skjematerapi og dialektisk åtferdsterapi som moglege behandlingstilnærmingar til psykopati (Chakhssi et al., 2014; Galletta & Rosenfeld, 2012; Kristiansson, 1995).

Artiklane som fokuserte på behandling av trekk/åtferd, hadde i stor grad fokus på aggressjon, vald og rus. Desse tok utgangspunkt i kriminelle personar, gjerne med høg valdsrisiko eller risiko for ny kriminalitet som utgangspunkt, og kom i stor grad frå eit rettsmedisinsk/kriminologisk fagfelt, noko som og var representert i kva for tidsskrift dei var publisert i (International Journal of Offender Therapy and Comparative Criminology). Artiklane som tok sikte på å redusere antisosiale trekk nytta mellom anna medikamentell behandling, samtalar og rehabilitering etter lauslating frå fengsel (Iftikhar, 2010; Walker et al., 2003; Whitehead et al., 2007).

### ***Vurdering***

Seks av artiklane (24%) hadde fokus på risikovurdering, samt måling og vurdering av psykopati. Desse seks var i kategorien «vurdering». Ei hovudvekt (n= 4) av desse seks fokuserte på risikovurdering for vald og kriminalitet (Fabian, 2008; Falligant et al., 2017; Lauerma et al., 2010; Vincent & Kinscherff, 2008). Ein av desse fire undersøkja ulike verktøy for risikovurdering av ungdom som eig barnepornografisk materiale, medan ein annan undersøkja bruk av PCL til bruk av risikovurdering av unge jenter (Falligant et al.,

2017; Vincent & Kinscherff, 2008) Ein av desse fire var vurdert til å både hamne i forståing og vurderings kategorien. Denne artikkelen tok ikkje for seg risikovurdering direkte, men skildra ei sjeldan sak i eit lite land der ein tidlegare dømd drapsmann tar eit nytt liv etter å ha vorte slept ut av fengsel. Forfattarane tok så til ordet for at lovgivinga ikkje er tilpassa så alvorlege saker (Lauerma et al., 2010). Dette vart vurdert til å ha element av risikovurdering og vern av samfunn som tema for artikkelen, i tillegg til forståing av komplekse drapsmenn. Eit mindretal ( $n = 2$ ) av artiklane i vurderings-kategorien fokuserte på korleis ein skal måle og vurdere psykopati, og då særleg PCL sin nytte i vurdering av psykopati hos ungdom og kvinner (Dawson et al., 2012; Falkenbach, 2008).

### ***Forståing***

14 av dei 26 artiklane (54%) hadde fokus på å auke forståinga for ulike fenomen, og beskrev kasus for å skildre og belyse desse fenomena. Av desse 14 artiklane som var kategorisert under forståing, var det fire av dei som også var i kategorien psykopati. 10 av artiklane fokuserte på andre fenomen enn psykopati. Dette inkluderte både artiklar om kriminalitet, sjeldne psykiske lidingar, samt ein kombinasjon av desse. Blant desse er det ein som tok utgangspunkt i emosjonelt ustabil- og multippel personlegdomsforstyrring (Bruce-Jones & Coid, 1992), og ein artikkel tek for seg ein sjeldan tilstand der personen utvikla personlegdomsforandring og psykopatiske trekk som følgje av prefrontal lesjon i hjernen som oppstod under ein operasjon for å behandle nasepolyppar (Orellana et al., 2013). Tre av artiklane tok for seg seriemordarar, og ønskja å bidra med kunnskap om korleis ein kan forstå denne typen alvorlege kriminelle (Beasley II, 2004; Leistedt et al., 2011; Myers et al., 2005). Ein artikkel omhandla ein helsearbeidar som forsøkte å ta liv av ei rekkje spedbarn (Barros et al., 2016), og ein artikkel tok for seg ei mor som tok livet av barnet sitt (Willemsen et al., 2007). Det er også ein artikkel som handlar om forfølging (stalking) blant unge gutter (Evans & Reid Meloy, 2011). Sjølv om fleire av artiklane ikkje har psykopati som det fenomenet dei undersøker, er alle vurdert med PCL og kasusa skårar over europeisk cut-off for psykopati.

### ***Psykopati***

Det var ni artiklar som først og fremst tek for seg psykopati. Desse fordelte seg mellom dei andre tre kategoriene på følgjande måte; to i vurdering, fire i forståing og tre i behandling. Dei to i kategorien vurdering, undersøkte PCL-YV som mål på psykopati hos ungdom, og korleis psykopatiske trekk kunne manifestere seg annleis hjå kvinner, noko som

kan påverke PCLs validitet i vurdering av kvinner med psykopati (Dawson et al., 2012; Falkenbach, 2008).

Totalt var det fire artiklar som hamna i både psykopati og forståing. Desse fire artiklane hadde ulike utgangspunkt og tilnærmingar. Hoff et al. (2009) nytta eit biologisk perspektiv og undersøkte emosjonsprosessering hjå ein person med psykopati, målt med FMRI. Medan Porcerelli et al. (2001) og Nørbech et al. (2013) nytta eit meir psykodynamisk perspektiv ved å undersøkje høvesvis tilknytingsrelasjonar si rolle for psykopati og korleis objektrelasjonar og forsvarsmekanismar kan arte seg hjå ein person med psykopati (Nørbech et al., 2013; Porcerelli et al., 2001). Den siste artikkelen i denne kategorien undersøkja korleis psykopatiske trekk kan manifestere seg ulikt hjå kvinner og menn, og stilte samtidig spørsmål om åtferdsbeskrivingar er ein vesentleg del av psykopati, samt vekting mellom det interpersonlege aspektet, kontra åferd, antisocialitet og affekt i psykopati (Kreis & Cooke, 2012).

Det er tre artiklar som tok for seg behandling av psykopati. Desse representerte medikamentell behandling, samtaleteterapi, samt ein kombinasjon av medikament, samtaleteterapi og miljøterapi (Chakhssi et al., 2014; Galletta & Rosenfeld, 2012; Kristiansson, 1995). Kristiansson (1995) nytta ein kombinasjon av psykofarmaka og eit pedagogisk undervisningsprogram basert på kognitiv terapi, og føreslo vidare ein mogleg samanheng mellom avvikande hjernepatologi som leiar til impulsivitet og kriminalitet assosiert med psykopati. Ut i frå dette forstår ein psykopati med ei biologisk tilnærming. Galletta og Rosenfeld (2012) nytta dialektisk åtferdsterapi (DBT), ein metode som har fokus på å redusere sjølvskading, vald og anna problematisk åferd. Metoden har vist effekt for emosjonelt ustabil personlegdomsforstyrring. Artikkelen understreka viktigheita av å finne lidinga i psykopati som motivasjon og ei viktig forutsjånad for behandling (Galletta & Rosenfeld, 2012). Dette er vidare ei ekstra utfordring i psykopati fordi mange av dei mest alvorlege har blitt dømt til behandling, og har difor lite eller ingen eigen motivasjon for behandling, samarbeid eller den terapeutiske alliansen (Dolan & Doyle, 2007). Chakhssi et al. (2014) nytta skjematerapi, og ønskja å endre maladaptive mønster som stammar frå tidlege barndomsopplevingar. Skjematerapi ser psykopatiske pasientar på eit kontinuum i deira kapasitet for emosjonell tilknyting, og artikkelen har vidare som utgangspunkt at psykopati er ei svært heterogen gruppe, og føreslår difor at behandling vil vere mogleg for nokre. Dei foreslår også at psykopatiske trekk kan vere lenkja til utrygge tilknytingsstilar og traume, og ikkje basert berre på medfødde nevrobiologiske faktorar (Chakhssi et al., 2014).

## Diskusjon

Hovudfunna i denne studien var at eit systematisk litteratursøk gav 26 kasusstudiar som tok for seg psykopati målt med PCL. Desse 26 artiklane fordelte seg mellom dei tre kategoriane «Vurdering», «Behandling» og «Forståing», og ni av artiklane tok først og fremst føre seg psykopati, medan resten i utgangspunktet undersøkte andre fenomen. Videre vil desse resultata bli drøfta med utgangspunkt i den belyste teorien, og i lys av aktuelle debattar i psykopatifeltet med særskilt fokus på korleis ein forstår psykopati.

### **Er kriminalitet og antisosial åtferd ein vesentleg del av psykopatiomgrepel?**

Resultata syner at eit mindretal av studiane har fokus på å avdekke ein underliggjande forståing av psykopati, slik DMP freistar å bidra med. Det er eit stort fokus på kriminalitet og kriminell åtferd, både med tanke på kva type artiklar som vart identifisert, og innhaldet i desse artiklane. Dette blir i tillegg spegl i det store talet studiar som kjem frå eit kriminologisk og rettsmedisinsk fagområde. I fleire av artiklane som er undersøkt er kriminalitet både nytta som mål på nivået av psykopatiske trekk, men også for å måle endring. Kva rolle kriminalitet, antisosialitet og aggressjon har i psykopati har vore diskutert, og det er framleis ueinigheit kring om dette bør sjåast på som ein vesentleg del av psykopatiomgrepel, eller om kjernen av psykopati består av interpersonlege trekk, og at åtferda heller er eit uttrykk for dette (Hare & Neumann, 2010; Skeem & Cooke, 2010a). Det er også blitt argumentert for at ein etter innføringa av PCL, og eit auka fokus på kriminalitet og antisosial åtferd har bevega seg vekk i frå Cleckleys opphavelege skildring av psykopatiomgrepel. DMP er blitt utvikla nettopp for å tilby ein forklaringsmodell som går djupare enn berre den åtferda ein kan observere (Gullhaugen et al., 2021).

Skeem og Cooke (2010a) argumenterer for at kriminalitet har ei fått ei stor rolle mellom anna fordi dersom ein person ikkje har kriminell historikk, skal det mykje til for å nå cut-off for psykopati på PCL-R, og at PCL på denne måten har bevega seg vekk i frå Cleckleys psykopatibeskriving (Skeem & Cooke, 2010a). I eit motsvar bestriider Hare og Neumann (2010) denne påstanden, og svarer på kritikken med å seie at det går an å nå amerikansk cut-off på PCL (30), utan direkte evidens for kriminalitet, men med betydeleg antisosial åtferd (Hare & Neumann, 2010). Hare og Neuman (2010) påpeiker også at det er eit klart skilje mellom kriminalitet og antisosialitet. Dei argumenterer for at berre antisosial åtferd er ein del av psykopati, og at kriminalitet i seg sjølv ikkje er ein del av den psykopatiske personlegdommen. Kriminalitet er sterkt assosiert med, særleg, alvorleg psykopati, men i følgje Hare og Neuman (2010) ikkje ein del av det. Det er også blitt hevda

at antisosial åtferd er ein vesentleg del av psykopati både i følgje PCL, samt også i Cleckley og Karpmans tidlegare skildringar av omgrepene. Følgjeleg vil ikkje eit fokus på antisosial åtferd i nyare forsking vere eit resultat av at feltet har bevega seg vekk i frå tidlegare konseptualiseringar av psykopati (Lynam & Miller, 2012; Miller & Lynam, 2012).

Det kan vere fleire grunnar til at kriminalitet er så framtredande i dei undersøkte artiklane. Omlag halvparten av artiklane er skrivne frå eit kriminologisk utgangspunkt, og hadde kriminalitet som ein vesentleg del av det dei ønskte å undersøkje. PCL vart utvikla for å tilby eit valid mål på psykopati, og vert nytta til det i dag. Samstundes har PCL vist seg å kunne predikere vald og kriminel tilbakefall, og har difor i aukande grad blitt nytta og forska på i rettsmedisinsk og kriminologisk samanheng (Cooke & Logan, 2015). Resultata indikerer at PCL i stor grad vert nytta til å forske på kriminelle som også scorar høgt på psykopati, heller enn på psykopatar der nokre av dei også gjer alvorlege kriminelle handlingar. Samstundes kan ein tenke seg at den rådande ideen om at psykopati ikkje kan behandlast, og at dette er ein permanent tilstand som først og fremst er til skade for dei rundt og samfunnet som heilheit, fører til eit fokus på å beskytte dei rundt og samfunnet heller enn å hjelpe eller forstå dei med psykopati. Resultata frå denne oppgåva støtter at dette kan vere tilfellet, men ein kan ikkje utelukka at dette også kan skyldast andre grunnar.

## Åtferd og personlegdom

Frå eit klinisk ståstad kan det vere utfordrande å måle, samt seie noko objektivt om eit individs personlegdom, og mange av dei mest brukte måla på personlegdom er i stor grad basert på sjølvrapport. I eitt tilfelle fann ein at 98% av alle studiar som vart publisert i eit tidsskrift om personlegdomspsykologi gjennom eit år nytta seg av sjølvrapport, og at 70% nytta sjølvrapport som det einaste målet (Vazire, 2006). Det er i middeltid ei rekke konseptuelle utfordringar med sjølvrapport, særleg for psykopati som er prega av mellom anna uærlegheit, tilbøyelighet til løgn og manglande innsikt (Sellbom et al., 2018, p. 215). Åtferdsbeskrivingar derimot kan tilby meir objektive mål som kan vurderast eksternt. Dette kan bidra til at åtferd har fått meir å seie i psykopatifeltet, og kan vere ein grunn til at fleire av artiklane som tek for seg psykopati vektlegg åtferdsskildringar. Fem av dei sju artiklane som tek for seg behandling, knyt grad av endring, og dermed effekten av behandlinga, direkte opp mot åtferdsendring som kan evaluerast eksternt (Galietta & Rosenfeld, 2012; Iftikhar, 2010; Kristiansson, 1995; Walker et al., 2003; Whitehead et al., 2007). Tre av dei søker etter

å behandle trekk, og trekka dei ønskjer å behandle er knyt til antisosial åtferd, rusbruk, aggresjon, og impulsivitet (Iftikhar, 2010; Walker et al., 2003; Whitehead et al., 2007).

Fleire av artiklane som fokuserer på å redusere skadeleg åtferd nyttar medikamentell behandling for å redusere vald og kriminalitet, og har ikkje eit perspektiv om at varig forandring i personlegdomsfungering er mogleg, men at det vil vere nyttig for samfunnet å avgrense den skadelege åtferda (Kristiansson, 1995; Walker et al., 2003; Whitehead et al., 2007). Dette er i tråd med det tradisjonelle synet, om at psykopati ikkje kan behandlast. Av dei tre som ser på behandling av psykopati nyttar to av dei kriminalitet og åtferd som mål på endring (Galietta & Rosenfeld, 2012; Kristiansson, 1995). Galietta og Rosendel (2012) skriv i tillegg om sjølvrapportert forbeting av kommunikasjon og relasjon med kjærast og son etter terapeutisk behandling. Dei stiller også spørsmål ved om det i det heile tatt er mogleg å endre underliggjande patologi, eller om å redusere kriminell åtferd, vald og antisosialitet er det beste ein kan få til for denne gruppa (Galietta & Rosenfeld, 2012). Chakhssi (2014) beskriv tilsynelatande effektiv behandling av ein psykopatisk pasient. Dei beskriv etter fire års behandling og tre års oppfølging meir empati, skam og skyldfølelse. I tillegg presenterer dei meir innsikt og betre kommunikasjonsferdigheiter etter behandling. Dette synet på psykopati og behandling er i tråd med perspektivet presentert av DMP, om at ein gjennom eit terapeutisk arbeid kan avdekke følelsar som skam og skyldfølelse, som i eit tradisjonelt syn på psykopati er vurdert til å ikkje vere til stades. Det er i middeltid også utfordringar med dette synet. Mellom anna kan ein ikkje vite om motivet for å bli med på behandling, då den aktuelle pasienten er dømt til tvungen behandling, og kan vere samarbeidsvillig for å få mildare straff. Også her består mykje av oppfølginga på dei interpersonlege endringane av sjølv-rapport, som gjer til at ein ikkje kan vere sikker på at dei rapporterte resultata stemmer. Den undersøkte personen i denne studien skåra 28,4 på PCL-R, noko som er i det nedre grenseområdet for kva som blir vurdert som psykopati (Chakhssi et al., 2014).

Av dei sju artiklane som tek for seg behandling og forståing av psykopati, er det fleire som utfordrar det tradisjonelle biodeterministiske synet på psykopati, medan andre har ei meir biologisk tilnærming. Dette gjelder især artiklane som nyttar medikamentell behandling, som i stor grad søker etter å avgrense skadeleg åtferd. Hoff et al. (2009) undersøkjer emosjonsprosessering, og Kristiansson (1995) nyttar medikamentell behandling, og er begge representantar for eit slikt syn (Hoff et al., 2009; Kristiansson, 1995). Ut i frå DMP forstår ein psykopati som ei tilstand som også oppstår i samspel med miljø og erfaringar, og dette perspektivet fjernar seg noko frå eit dominerande biologisk/genetisk årsaksforklaring. Fleire av artiklane passar på ulike måtar inn med det perspektivet DMP ønskjer å bringe inn i

psykopatifeltet (Chakhssi et al., 2014; Kreis & Cooke, 2012; Nørbech et al., 2013; Porcerelli et al., 2001). Både Nørbech et al. (2013) og Porcerelli et al. (2001) har i likskap med DMP ei meir dynamisk tilnærming til korleis psykopati oppstår og artar seg i personlegdomsstrukturen. Kreis og Cooke (2012) skriv at det store fokuset på åtferd kan gjere at nokon glepp gjennom, og at den same underliggende patologien kan leie til ulik åtferd hjå ulike individ, samt at dei stiller spørsmål ved om åtferdsbeskrivingar er ein vesentleg del av psykopati. Chakhssi et al. (2014) nyttar skjematerapi som behandling og forsøker på denne måten å endre maladaptive mønster som stammar frå barndomsopplevingar. Galietta og Rosenfeld (2012) fokuserer på lidinga som ligg under psykopati, mellom anna som motivasjon for behandling. Sjølv om fleirtalet av dei undersøkte studiane ikkje har fokus på den underliggende forståinga av psykopati, eller behandling av psykopati, har likevel fleire av artiklane ulike element som kan passe inn i perspektivet presentert av DMP.

### ***Behovet for nye perspektiv på psykopati***

Det har tidlegare blitt diskutert om PCL si rolle i psykopati-feltet har blitt for dominante, og det er stilt spørsmål ved ulempene det kan medføre at eit mål på noko får for stor definisjonsmakt for det som blir målt. Det er også foreslått at dette i seg sjølv kan vere ei hindring i den vitskapelege prosessen (Hare et al., 2018, pp. 47-48; Skeem & Cooke, 2010b) På same måte kan det også problematiserast at ein enkelt klinikar skal få for mykje definisjonsmakt, og det er ikkje gitt at Cleckleys 15 kliniske døme heller er representative for dagens forståing av psykopatiomgrepet (Hare & Neumann, 2008). PCL er eit verktøy for å vurdere grad av psykopati, og eit mål på noko vil aldri ha perfekt validitet, det vil alltid vere ein feilmargin. Eit problem oppstår difor dersom målet også blir definisjonen. PCL og etterkvar PCL-R vart ikkje utvikla som eit risikovurderingsinstrument, men det vart utvikla for bruk i ein kriminell populasjon. Skeem et al. (2010a) skriv at dette taler for at utviklaren av PCL tenkjer at kriminalitet er ein del av psykopati, medan Hare og Neumann (2008) svarar at det var utvikla i dette miljøet fordi det er høg prevalens av psykopati. Då den andre versjonen av PCL-R kom i 2003 var valideringsdataen 10 896 lovbryratarar og rettspsykiatriske pasientar (Hare et al., 2018, p. 41), noko som illustrerer kor tett PCL er forbundet med kriminalitet. Forsking på kriminelle psykopatar har sidan eksplodert, medan «ikkje-kriminelle psykopatar» har fått mindre merksemd (Benning et al., 2018, pp. 585-586), noko som kjem til syne i artiklane identifisert i denne oppgåva. Dette kan mellom anna skyldast at det er lettare å måle kriminalitet og åtferd, samt at ein også lettare kan sjå nytteverdien av å forske på dei

som gjer alvorlege kriminelle handlingar og skadar andre. Sidan PCL har vist seg som eit nyttig verktøy for risikovurdering har det truleg også bidratt til den store veksten av forsking på psykopati i ein rettsmedisinsk kontekst. PCL har som tidlegare nemnt eit godt empirisk grunnlag og vist seg reliabel i ei rekke replikerbare studiar, og har gode psykometriske eigenskapar (Hare et al., 2018). Det er i middeltid blitt stilt spørsmål ved om faktorane knytt til antisosialitet og åtferd har høgre inter-rater reliabilitet enn den interpersonlege dimensjonen til PCL, samt at den interpersonlege faktoren (faktor en) i PCL har mindre predikativ effekt enn den antisosiale faktoren (faktor to) (Yang et al, 2010). Kanskje kan fokuset på åtferdsbeskrivingar og ikkje underliggende personlegdom ha bidratt til PCLs suksess. Dette kan også vere med å bidra til at det er mindre fokus på underliggende forståing og behandling. PCL har blitt omtalt som gullstandard for å vurdere psykopati, og det har i tillegg til DMP også blitt utvikla alternative instrument og mål på psykopati som Psychopathic Personality Inventory (PPI) (Lilienfeld & Andrews (1996) sitert i Neumann et al., 2008), Comprehensive Assessment of Psychopathic Personality (CAPP) (Cooke et al., 2012) og The Triarchic Model of Psychopathy (Patrick & Drislane, 2015), som alle tilbyr alternativ eller supplement til PCL. Hare og Neumann har også utvikla PCL-SV til bruk i ikkje kriminelle settingar, som skal vere mindre avhengig av kriminell historikk (Hare & Neumann, 2010).

Cleckleys formål var å samle psykopatiomgrep, og skape ei felles forståing og definisjon av psykopati. Dette for å motverke tendensen om at det fantes mange ulike tydingar av psykopati og manglande konsensus kring kva omgrepet faktisk innebar. Robert D. Hare ønskte å utvikle eit valid og reliabelt mål for å vurdere psykopati, med utgangspunkt i Cleckley si skildring. PCL har utvilsamt hatt ei betydeleg rolle for psykopatifeltet, og har bidratt til ei enorm auke i psykopati-forsking. PCL vart utvikla for å måle psykopati, og ikkje for å vere ein heilskapleg forklarande teori. Både Cleckley og PCL kan seiast å ha hatt eit deskriptivt fokus og tilnærming til psykopati, og har begge vore store bidrag til psykopatifeltet. Dei kan begge to seiast å ha lykkast med sine formål. Cleckley gav ei definande beskriving av «maska» desse personane har på seg, men gjorde ingen forsøk på forstå prosessen som låg bak. Formålet med og bruken av PCL har også gjort til at å identifisere og måle psykopati har fått større fokus enn å forstå kva som ligg til grunn for det. DMP vart utvikla som eit alternativ til dagens paradigme der psykopati vert vurdert med bakgrunn i åtferdsbeskrivingar og med hensikt å vurdere risiko, og kan ligge til grunn for utvikling av ei djupare forståing og framtidig behandling av psykopati.

## Avgrensingar med oppgåva

